



Kven som tok biletet utanfor Slaktehuset er uvisst.

**Dette biletet, som er teke utanfor Slaktehuset i Uskedalen, er noko uklårt, men det er historisk!**

Det var Harald Holmedal i Uskedalen som eigde det, men han gav det til Hans Ølver Sandvig i Omvikdalen og uskedalen.no har fått låna det av han.

Sandvig las artikkelen vår om slaktehuset som vart til vertshus, der vi også etterlyste bilete, og hugsa straks at han hadde eitt. Kanskje er dette det einaste biletet som er teke i eller ved Slaktehuset medan det var i drift. Men det er ikkje hovdgrunnen til at det er historisk.

Det er også teke på ein heilt spesiell dag, nemlig dagen då stuten Stolpestad skulle slaktast. Holmedal og Sandvik er ikkje sikre på om det var i 1959 eller 1960, men mest truleg var det hausten 1959. Stolpestad, som kanskje var frå Ringsaker ettersom han bar dette namnet, hadde truleg gjort teneste i Kvinnherad i tre år då han enda sine dagar i Uskedalen. Dette var den første NRF-stuten i Kvinnherad.

Sandvik fortel at då han vart henta på Sandvik denne dagen, var han så oppteken av ei ku at han fekk lov til å "gjera jobben" sin medan slaktebilsjåføren venta!

Jens Eikeland og Ølver Sandvik var begge eigarar av stuten og han var "stasjonert" på begge gardane etter tur.

Det hadde tydelegvis vorte kjent i bygda at Stolpestad skulle slaktast og fleire møtte fram for å ta farvel. Då slaktinga var unnagjort, viste slaktevekta seg å vera 422 kilo.

Holmedal og Sandvik antar at dei som står på biletet er desse, frå venstre:

Ukjent gut, Ståle Eik, Peder Holmedal (slaktar), ukjent, Gudmund Feet, Jens Eikeland, Arthur Sandvik, Oddvar Eikeland og Geir (?) Nilsen (guten som spring). Det er Ølver Sandvik som held stuten.

Så gjentek vi oppmodinga: Har du bilete frå Slaktehuset som vart til Vertshuset, er vi svært interessert å få låna dei!

Av Ola Matti Mathisen